

## Ploggen med oss i mange år

Felleskjøpet meiner ploggen ikkje forsvinn med det første.

Jofrid Åsland

– Det er bra at denne diskusjonen om jord kjem fram. Per i dag er det likevel vanskeleg å sjå føre seg korleis ein skal få til eit landbruk utan plog og kjemikalier i større skala, seier Jens Randby, salssjef plantekultur hos Felleskjøpet.

Han helsar velkommen større merksemd kring jorda og korleis ein kan passe på den.

– Å kutte ut ploggen, som det er skildra i «Jordboka» vil vere ei stor utfordring. Det er vanskeleg å skifte frå eng til open åkerkultur utan å pløye, seier Randby.

Han støttar Mats Höglind ved NIBIO, i hans analyse av at ugraskampen utan plog og kjemikalier er veldig krevjande i større skala.

### Beste alternativ så langt

Geir Paulsen, avdelingssjef såvarer hos Felleskjøpet, ser også klare utfordringar ved eit plogfritt landbruk.

– Landbruket har alltid vore i endring, og vil endre seg med ny kunnskap også i framtida. Men så langt tyder mykje på at ploggen sin positive effekt i mange tilfelle er viktigare enn den negative påverknaden på dei biologiske eigenskapane. Så lenge vi ikkje har annan teknologi som er like god, vil difor ploggen vera med oss i mange år ennå, seier Paulsen.



Jens Randby

Han meiner det er innlysende at ploggen har negativ effekt på til dømes meitemarkgangar i jorda, men understrekar at rett bruk av ploggen vil kunne reparere eventuelle pakkeskader i ploglaget, og dermed ha positiv verknad på dei fysiske eigenskapane til jorda.

– Eg trur at me på kort sikt vil sjå at intervalla mellom pløyingane aukar i landbruket, og at ein fornyar enga ved direktesåing.

Randby opplever stor faglig einighet om at jordarbeiding, som pløying, bidrar til tap av karbon frå jorda.

– Med tanke på karbontap bør fornying av eng skje ved direkte såing av frø, utan jordarbeiding. Grasdyrking har på grunn av lang omlaufstid, stor mengde røter og liten mineralisering eit stort potensiale til å lagre karbon i jorda, slår Randby fast.

Han meiner tilleggssåing og vedlikehaldssåing av eng, utan jordarbeiding er interessant. Både i forhold til total ressursbruk på den enkelte gard og i forhold til karbonlagring.

– Felleskjøpet har eit prosjekt der alternative fornyingsmetodar utan jordarbeiding er tema, opplyser Randby.



Fornying: Våtsåing av grasfrø i samband med husdyrgjødselspreiinga kan auka levetida på enga.

## Tid for bygging av gjødsellager

Utviding av lagerkapasitet for husdyrgjødsel vil vere ei god investering både av omsyn til økonomi, agrobiologi, forureining og klima.


Anfinn Rosnes, assisterande landbruksdirektør, Fylkesmannen i Rogaland

Vêret dette året har gitt oss ein ekstra god grunn til å vurdere bygging av nytt gjødsellager, særleg i område langs utsette vassdrag. Denne hausten har vore spesielt våt, og mange bønder slit med å få inn avlingane, og med for mykje husdyrgjødsel på lager. Mange har fått dispensasjon frå fristen 1. september for spreiding av gjødsel, men det har likevel vore vårer som har gjort det forvarleg å køyre ut gjødsel. Og utkøyring så seint på hausten vil jo uansett ikkje vere til særleg nytte for plantevekst, og det vil vere stor risiko for forureining av vassdrag. Mykje nedbør har også gitt ekstra volum i dei opne gjødsellagra, så vondt er blitt til verre. Dette året er ekstraordinært, men vi må nok førebere oss på at normalen vil bli meir nedbør.

### Når lageret ikkje held over vinteren?

Næringa, rådgjevinga og forvaltninga er i dialog om korleis vi skal handtere den akutte utfordringa når ein del bønder ikkje har lagerkapasitet over vinteren. Samarbeid mellom bønder om lagring er viktig, men det vil truleg ikkje løyse heile problemet. Det å spreie ut gjødsel i område med avgrensa fare for forureining av vassdrag er difor eit alternativ som blir drøfta - men eit slikt tiltak blir langt på veg å dumpe viktige ressursar.

Eg skal vere forsiktig med å kritisere næringa for å ha undervurdert den utfordringa vi nå står føre, men vi har nok over tid hatt eit aukande dyretal i delar av Rogaland, utan tilstrekkeleg kapasitetsauke i gjødsellagera. Og det er også slik at gjødselvolum til dømes frå ei robotku er langt større enn dei



Lager: Det kan vera god økonomi i å auka lagerkapasiteten for husdyrgjødsel på garden.

normer vi la til grunn då mange av dagens lager blei bygde. Vi har nok hatt minst 50 prosent auke i volum per kueining, medan byggenormen er den same som for 20 år sidan. I tillegg kjem dette med meir nedbør i lageret.

### God økonomi i nytt lager

Husdyrgjødsel er ein ressurs som i for lita grad blir nytta optimalt. Eg vil hevde at det framleis blir brukt pengar til unødvendig kjøp av kunstgjødsel. Det å kunne bruke husdyrgjødsel optimalt er altså ikkje berre viktig for plantevekst og miljøet, men også for økonomien. Særleg gjeld dette i område ved prioriterte vassdrag der du kan få tilskot frå Innovasjon Norge.

Her vil eg forsøke å omtale eit døme på kvifor det vil vere god økonomi i å bygge eit nytt lager, til dømes eit satellittlager optimalt plassert i tilknytning til aktuelt spreieareal: Eg har i realistiske døme frå Norsk landbruksrådgjeving sett tal på over kr 30.000,- i sparte utgifter til kunstgjødsel ved meir optimal bruk av 1000 m<sup>3</sup> husdyrgjødsel. Då er det

meste av gjødsel nytta om våren, og etter første slått. Eit enklast mogleg lager på 1000 m<sup>3</sup> vil truleg kosta om lag kr 400.000,- å bygge, med litt eigeninnsats og nokolunde gode tomtetilhøve. Årlege kostnader til avskrivning og vedlikehald kan setjast til 15.000,-, og om vi reknar rente på 3,5 prosent av kr 300.000,- blir dette om lag kr 10.000,-. Det kan også reknast skattevinst knytt til rentekostnad og avskrivning, men det tek vi ikkje med i dette enkle dømet. Frå dette noko optimistiske reknestykket er det altså om lag kr 5.000,- spart årleg på å bygge lageret. Og dette blir betre butikk om du er i nemnte sone der du kan få inntil 30 prosent i tilskot.

### Bra for omdøme

I tillegg til nemnte økonomisk vinst får du også mindre risiko for køyreskadar på jorda, noko som gir reduserte utgifter til jordarbeid og grøfing. Du vil også få meir og betre kvalitet på avlinga. Og meir kontroll på korleis du skal bruke eigen eller leigd maskinpark, utan så stort tidspress på mørke kveldar. Dette i sum

vil gi større økonomisk vinst enn sparte utgifter til kunstgjødsel.

Samstundes blir det mindre risiko for forureining fordi du har betre kontroll på spreietida. Det vil vere av stor verdi - ikkje minst for næringa sitt omdømme.

### Kva kjem i ny forskrift?

Gjødselvarerforskrifta har lenge vore under revisjon, og etter planen skal ny forskrift om organisk gjødsel leggjast ut på nyåret 2018. Vi veit lite om kva endringar som kjem, men det er kome signal om at det blir strengare krav til lagerkapasitet.

### Bygg lager nå

Bønder i Rogaland er kjende for å følgje med i utviklinga, og helst ligge litt i forkant. Det er mange utfordringar og investeringsbehov i næringa, men vi kjem ikkje utanom bygging av gjødsellager denne vinteren. Dersom du er bonde i Rogaland - tenk på om du og naboen kan samarbeide om eit lager.